



Masfjorden kommune
Teknisk, miljø og landbruk

Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS
Att.Bjørn Rune Kvinge
Kvingebakkevegen 97
5981 Masfjordnes

Dykkar referanse	Vår referanse	Sakshandsamar	Dato
	2026/1271-2	Jan Kvingedal	16.07.2026

Melding om delegert vedtak - riving av nærmiljøanlegg - gbnr 31/28

Administrativt vedtak saknr.: 54/2026 Delegert Teknisk utval

Adresse:	Austfjordvegen 2634, 5981 Masfjordnes	Eigedom gbnr:	31/28
Tiltakshavar:	MASFJORD FOTBALLAG	Søkjar:	Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS
Tiltakstype:	Riving av anlegg, Riving av bygg - riving av tilbygg inntil 50 m2	Søknadstype:	Ett-trinns søknad

VEDTAK

Masfjorden kommune ved rådmannen gjev med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 løyve til riving av delar av idretts og aktivitetsanlegg ved Sandnes skule på gbnr. 31/28. Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

- Det skal sendast inn oppdatert avfallsplan med kvittering for innlevert avfall og oversikt over det som er mellomagra for gjenbruk saman med søknad om ferdigattest
- Evt. mellomlagring av kunstgrasdekke som inneheld gummigranulat skal skje på areal med fast dekke, evt. på presenning for å hindra spreining av granulat
- Det kan ikkje setjast i gang nye arbeider på omsøkte areal før det er gjeve løyve til dette i eige vedtak
- Det skal gjevast ferdigattest for rivearbeida før det vert gjeve løyve til nye tiltak på det omsøkte arealet

Erklærte ansvarsrettar for tiltaket

Funksjon	Foretak	Org.nr.	Tiltaks kl.	Ansvarsområde
SØK	Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS	954354008	1	Søkjar
PRO	Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS	954354008	1	Prosjektering av tiltaket
UTF	Masfjorden fotballag	993782521	1	Utføring av tiltaket

Toleransegrense

Toleransegrense for plassering av tiltak vert sett til +/- 20 cm i vertikalplanet og +/- 50 cm i horisontalplanet. Vi gjer merksam på at toleranse ikkje har noko med avrundings- og kommareglar å gjere, slik at høgde- og plasseringsreglar gjeve i lov eller plan, er å forstå som absolutte grenser.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld og for vedtak om dispensasjon.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Antal	Sum
10.1.6	Basisgebyr konstruksjonar og anlegg, riving	1	11.422,-
Totalt gebyr å betala			11.422,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21- 4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om riving av delar av nærmiljøanlegget ved Sandes skule. Det er søkt om riving av tarzanbana, reiskapsbod og kunstgrasdekke på fotballbana.

Det vert elles vist til søknad motteken 13.07.2026

Fakta

Ein ynskjer å riva delar av nærmiljøanlegget ved Sandnes skule. Tarzan-bana med stativ/ stoplar og dekk vert fjerna. Reiskapsbod ved fotballbana og lysstoplar i austre del av bana vert riven. Dekke på fotballbana vert og fjerna. Delar av det som vert rive er planlagd gjenbrukt på framtidige tiltak, andre delar vert levert til godkjent deponi, jf. avfallsplan vedlagt søknad.

Tiltaket er ikkje nabovarsla.

Vurdering

Det vert vurdert at då tiltaket er av slik omfang at det vart handsama etter plan- og bygningslova då det vart bygd, må rivinga og handsamast etter same lovverk.

Det må ved søknad om ferdigattest gjerast greie for og dokumenterast med kvittering kva for avfall som er levert til avfallsstasjon og gjerast greie for kva som er nytta til gjenbruk. Det skal sendast inn skjema for «Sluttrapport med avfallsplan for rehabilitering og riving» saman med søknad om ferdigattest

For å hindra spreining av gummigranulat skal dekke frå fotballbana lagast og transporterast i tett behaldar og evt. mellomlagring skal skje på areal med fast dekke evt. på presenningar for å hindra spreining av gummigranulat.

Ein legg til grunn at areal vert sikra/ avsperra under arbeidet og avslutta på ein slik måte at det er trygt å bruka etter arbeida er utført, då dette er eit mykje brukt areal både av skulen og andre.

Då tiltaket gjeld riving av eksisterande anlegg er det gjort fritak for nabovarsling. Det er vert sett krav til at det ikkje skal gjerast nye tiltak på området før dette vert godkjent i eigen søknad.

Konklusjon

Det vert gjeve løyve til tiltaket jf. vedtaket

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 2026/1271

Du kan klage på vedtaket

Vedtaket er eit enkeltvedtak som du kan klage på. Vil du klage, må du sende klage innan 3 veker frå du mottok vedtaket. Du sender ein skriftleg klage til kommunen, der det går fram kva vedtak du klagar på og kva endring du ønskjer. Meir informasjon om dine rettar for klage går fram av forvaltningslova §§ 28-36.

Eit søksmål eller krav om erstatning kan ikkje fremjast før du har brukt klageretten din fullt ut, jf. forvaltningslova § 27b.

Med helsing

Jan Kvingedal
sakshandsamar

Sveinung Toft
ass.rådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ikkje handskriven signatur

Kopi til:

MASFJORD FOTBALLAG